


Planskildring

Detaljregulering Vatne, Nedre Vats

Etablering av fotballhall på arealformål for idrettsanlegg

Gnr./Bnr. 110/20 og 109/17 i Vindafjord kommune.



Eigedom: Gnr. 110 bnr. 20 og gnr. 109 bnr. 17 – Vindafjord kommune

Forslagsstillar: Sportsklubben Vats 94
c/o Øyvind Nordtveit, Århaugen 19, 5576 Øvre Vats

Utearbeidet av: Kvala Arkitektur AS v/Regine Velde

Versjonslogg:

Versjon:	Utearbeidet av:	Merknad:
1	Kvala Arkitektur v/RV	Endring av reguleringsplan Vatne, Nedre Vats Full plan prosess.
2		
3		

Innholdsfortegnelse	Side
1. Bakgrunn for planarbeidet	
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Eierforhold	4
2. Planprosessen	5
3. Planstatus	
3.1 Gjeldande kommuneplan	7
3.2 Gjeldande reguleringsplan	8
3.3 Pågående arbeid med kommune plan	9
4. Dagens situasjon	9
4.1 Planområdets beliggenhet og dagens arealbruk	9
4.2 Eksisterende omkringliggende bebyggelse	11
4.3 Naturgrunnlag	15
4.4 Kulturminner	15
4.5 Trafikk	15
4.6 Barn og unge	16
4.7 Støy og forureining	16
5. Planforslaget	
5.1 Planlagt arealbruk	16
5.2 Endring av plan	16
5.3 Beskrivelse av tiltak	17
5.4 Natur og kultur verdier	24
5.5 Folkehelse, universell utforming og barn og unges interesser	25
6. ROS analyse	25
7. Vedlegg tilhørende endrings forslag	31

Samandrag

Kvala Arkitekter AS fremjar, på vegner av Sportsklubben Vats 94, forslag til detaljregulering for del av plan 1160 Vatne, Nedre Vats. Planområdet er til saman 12,1 daa. Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for etablering av fotballhall.

1. Bakgrunn for planarbeidet

1.1 Bakgrunn

I april 2025 vart det sendt inn eitt-trinnsøknad om oppføring av fotballhall på eigedom 110/20. Godkjent vedtak låg føre i juli 2025.

I etterkant vart det oppdaga at ein av nabomerknadene ikkje var behandla, og ikkje var komen fram til kommunen. Denne viste til at dispensasjonssøknaden som vart sendt inn hadde 1 meter for låg oppgitt høgd på hallen, i tillegg til fleire ting. Dispensasjonssøknaden vart revidert, men naboen opprettheldt klaga. På bakgrunn av dette tilrådde kommunen at det vert fremma ein søknad om endring av planen som grunnlag for ein ny byggesøknad.

1.2 Eigarforhold

Gnr./Bnr.	Heimelshavar	Merknad
110/20	Vindafjord kommune	Hovud eigedom
110/17	Vindafjord kommune	Eigedom mot fylkesveg



Sportsklubben Vats 94 disponerer/leiger eigedomen 110/20.

2. Planprosessen

Det vart halde oppstartsmøte mellom forslagsstillar og Vindafjord kommune den 19.12.2025. Til stades var representantar frå:

Plankonsulent

Kvala Arkitekter v/Regine Velde

Kontaktperson for forslagsstillar

Audun Skeie på vegne av Sportsklubben Vats 94

Forslagsstillar

Øyvind Nordtveit og Merete Haraldseid, Jarle Sjurseike, Robert Nordtveit og Christine Sandvik

Vindafjord kommune


Thomas Vestbø, Ingrid Johannessen, Sissel Aarvik

Varsling av oppstart av planarbeid.

Det ble i oppstartsmøte besluttet at endring av plan kunne gjøres som en enkel prosess. Ved innlevering av dokumentasjon som skulle følge med varsling, fikk vi tilbakemelding frå kommunen om at mottatt dokumentasjon ga grunnlag for å revurdere valg av prosess. Dokumentasjon viser at avviket fra gjeldende plan var større enn kommunen såg for seg i oppstartsmøte. Dei viser til at det kan vera behov for breiare medverknad frå innbyggarene og at dei forlkevalgte i kommunen får vurdert saka tidleg i planprosessen. Det ble derfor besluttet at planen måtte gjennomføres som en full reguleringsplan prosess.

Planarbeidet ble varslet med brev til private og offentlige instanser, og kunngjort i Hugesunds avis og på Karmøy kommune sine hjemmesider den 30.04.2026. Frist for innspill vart satt til 21.05.2026.


Innen fristen var det kommet inn til sammen .. innspill til planarbeidet. ... er merknader fra private grunneiere,..... uttalelser fra offentlige instanser og uttalelse fra frivillige lag og foreninger.



Planområdet slik det fremgikk av oppstartsvarsel.

Planavgrensning

Etter oppstartsmøte med Vindafjord kommune og forslagsstillar er det konkludert med at det vil vere ein fordel å utvida planområdet i høve til det som først var tenkt.



Planavgrensning ved planiniativ

Endeleg planavgrensning

Følgjande faktorar er lagde til grunn for endring av planområdet:


- Det er vurdert auka behov for tal på parkeringsplassar i høve til tidlegare omsøkt tiltak.
- Sikra areal for mogleg tilleggsbygg som sanitæranlegg og støttefunksjonar, samt eventuelle ombyggingar over tid som følgje av endra behov innan idretten.
- Meir langsiktig fleksibilitet. Dette vil redusere behovet for eventuelle framtidige reguleringsendringar eller dispensasjonar.
- Medverke til at det ikkje vert liggjande att smale og fragmenterte areal med gjeldande offentleg føremål ned mot veg. Desse areala ville ikkje fått nokon tenleg funksjon, og kunne skapt uklarheit både i arealbruk og framtidig forvaltning. Ved å inkludere desse areala i idrettsføremålet vert det sikra ei ryddig, samanhengande og føremålstenleg arealavgrensning.

Usikker eigedomsgrense på austsida vil ikkje påverke fastsett planavgrensning, då vi her går i vegkantlinje på vestsida av vegen. Når det gjeld usikker grense mot sørvest, vil planavgrensinga òg her gå i kantlinje for fortau. Det vil seie at alle eigedomsgrenser som er brukte som avgrensingslinjer i planforslaget er sikre

3. Planstatus


3.1 Gjeldande kommuneplan

I arealdelen til gjeldande kommuneplan er området vist som offentlege bygningar og idrettsanlegg.



3.2 Gjeldande reguleringsplan

Området inngår i reguleringsplanen for Vatne, Nedre Vats. Dette er ein eldre reguleringsplan med vedtatt 21.08.1990. Området er regulert til offentlege bygningar.



3.3 Kommuneplan under arbeid – på høyring.

Kommuneplanen sin arealdel er under revisjon. Som vist nedanfor er areala her òg viste som offentleg føremål og idrettsanlegg



4. Dagens situasjon

4.1 Planområdet beliggenhet og dagens arealbruk.

Området ligg på Kårstad ved sørenden av Vatsvatnet på same eigedomen som Vats skule, som ligg i den nordvestlege delen av eigedomen. Eigedomen omsluttar eigedomane 110/18 og 110/30, som ligg ut mot Saudavegen med kvar sin einbustad. Tilsvarande gjeld 110/24, der det ligg eit forsamlingshus. På nordaustsida grensar eigedomen til 110/4, som er ein landbrukseigedom. Her er det eit område med to bustadhus og tilhøyrande gardsbygg i sørenden av eigedomen. Det er dei nemnde eigedomane som vil liggje tettast opp mot den nye fotballhallen.

Planområdet grensar mot areal for Vats skule med tilhøyrande idrettsplass på nordvestsida. Vest for skulen og idrettsplassen ligg Vindafjordhallen, Arken og Vats kyrkje.



Som nemnt under kapittel 1 vart det gjeve igangsetjingsløyve (godkjend eitt-trinnssøknad) for fotballhallen, og planeringsarbeidet vart starta opp. Dette arbeidet vart deretter stansa, og området ser i dag ut som på bileta nedanfor.

Forsamlingshuset på eigedom 110/24 ligg til høgre i biletet.



Sett mot øst på med fjellet Breihammar i bakgrunn.



Foruten arealet hvor det i dag er påbegynt gravearbeid, har ikke resterende deler av planområdet noen konkret bruk.

4.2 Eksisterende omkringliggende bebyggelse.

Bebyggelse på eignedom 110/5. Eiendommen har en størrelse på 47 000 m² og består av bolighus og driftsbygninger tilhørende jordbruks arealer som strekker seg ned til Ragnillavågen.



Noen av bileta nedanfor er henta frå Google Maps, og vi tek atterhald om at det kan ha skjedd endringar.



Vats stadion.



Skulen mot vest.



Planområde sett frå veien. (tatt frå Google Maps, og viser ikkje påbegynt gravearbeider).



Forsamlingshus på eiendom 110/24



Vats kyrkje.



Arken



Vindafjordhallen.

Næraste stad for daglegvarer er i Knapphus sentrum i avstand på ca. 5,4 km. Her er det Coop Extra og Joker. Det er også andre typar butikkar/tenester som Knapphus Dekk og bilverkstad, gatekjøkken og Knapphus kjøkkensenter.

4.3 Naturgrunnlag

Topografi

Planområdet er forholdsvis flatt på mesteparten av arealet. Det er ei høgde i den austlege delen, der ny hall vil dekke noko av arealet. Kartunderlag viser ein høgdeforskjell her på om lag 6–7 meter. Det er utført noko gravearbeid her, og det vil bli behov for noko sprengingsarbeid.

Vegetasjon

Sidan området stort sett allereie er planert og opparbeidd, er det ikkje mykje vegetasjon her. Det finst noko langs austsida, beståande av halvstore og mindre tre og buskar.

Ref. vedtak i byggesak er det konkludert med at det ikkje er naudsynt med vurdering etter naturmangfaldlova, då tiltaket vil bli plassert på areal som er opparbeidd / tidlegare bygd på.

Det er ikkje funnet registreringar på naturtypar eller viktige arter. Kjelde for søk: Miljødirektoratets miljøbase

4.4 Kulturminner.


Det er ikkje funnet registreringar på kulturminner innenfor planområdet.

Kjelde for søk: Miljødirektoratets miljøbase


4.5 Trafikk

Adkomst til planområdet er via Saudavegen. Denne avkjørsel betjener kun området som i dag består delvis av grus og gress, og brukes til aktiviteter ifb. skolen. Det er en snuplass inne på området, men det er ikke tilrettelagt for parkering. Avkjørselen til planområdet er etablert i en kurve, men veglinjeføringen har stor radius og gir tilfredsstillende sikt- og oversiktsforhold for trafikanter. Langs vei østover er det satt opp netting gjerde som ikke er til hinder for sikt.

Nedenfor vises mengde kjøretøy forbi planområdet. Dette er registreringer for 2025



Gjennomgang av tilgjengelig ulykkesstatistikk viser at det er registrert sju trafikkulykker i nærheten av planområdet. Bare én av disse er av nyere dato (2021), mens de resterende ulykkene stammer fra 1980- og 1990-tallet.



4.7 Støy og forurensing.

Ref. ovenfor så er trafikkmengden relativt lav. Ifølge trafikkdata fra Statens vegvesen er ÅDT registrert til om lag 1 790 kjøretøy. På bakgrunn av dette vurderes trafikkrelatert støy og luftforurensning å være begrenset

5. Planforslaget

5.1 Planlagt arealbruk

Planendringa omfattar eit areal på til saman 12,1 daa, som blir foreslått regulert til idrettsfremål.

5.2 Endring av plan

Området som ønskjer å bli regulert, er i gjeldande kommuneplan sett til både idrettsanlegg og offentlege bygningar. I gjeldande reguleringsplan for Vatne, Nedre Vats, er heile området sett til offentlege bygningar. Såleis er det ønskte føremålet i samsvar med overordna planar, og fell naturleg inn i planen.

I høve til kommuneplanen, som i hovudsak omfattar dagens grusbane, er arealet for idrettsanlegg plassert noko utvida for å få plass til fotballhallen.



Kommunedelplan



Planforslag

Gjeldande byggegrense langs fylkesvegen er vidareført i planforslaget. Det er opna for i planføresegner at parkeringsplassar kan etablerast utover byggegrensa.

5.3 Skildring av tiltak

Fotballhall

Fotballhall vil bidra til å styrkja og vidareutvikla Vats sentrum som eit samla område for skule, idrett og fritidsaktivitetar. Fotballhallen vert etablert i nær tilknytning til eksisterande funksjonar som Vindafjordhallen, stadionanlegg, skuleområdet og Arken, og vil verta ein naturleg del av det etablerte aktivitets- og møtepunktet i bygda.

Samlokaliseringa gjev gode moglegheiter for sambruk mellom skule, idrettslag og andre aktivitetar i området. Fotballhallen vil bidra til å samla aktivitetane i sentrum og styrkja området som sosial møteplass for born, unge og andre innbyggjarar.

Tiltaket vert vurdert å styrkja sentrumsfunksjonane i Vats ved å byggja vidare på eksisterande idretts- og undervisningsmiljø, samstundes som det vert lagt til rette for auka aktivitet og heilårs bruk av området.

Fotballhallen som er planlagt bygd er av typen 08 Wiik med bogetak og ein storleik på 60 x 80 meter. Den vil få ei mønehøgde på maks. 15,5 meter. Hallen er konstruert for å takle ekstremver som kan opptre i Norden. Enten det er varme sommardagar eller kalde vinternetter, vil det på innsida vere ei stabil temperatur. Dette gir gode forhold for fotballtrening heile året.

I sjølve hallen er det ikkje planlagt sanitæranlegg. Det er derimot ønskeleg at dette kan etablerast seinare, og det kan plasserast på mest føremålstenleg måte innanfor området for idrettsanlegg. Dette er opna for i planføresegnene under punkt 2.1.2.

Plassering av hallen er regulert inn i plankartet med ein margin på 0,5 meter i høve til reell storleik. Vald plassering av hallen er den beste med omsyn til minst mogleg synlegheit for omgjevnadene. Plasseringa gir ein rygg av vegetasjon langs nordvestsida og mot sør. Vedlagt er fasade- og snitteikningar, 3D illustrasjonar inkludert omkringliggende bebyggelse med påførde høgder for byggehøgder.

Foto av typisk fotballhall som omtalt.




Tiltak med omkringliggende bebyggelse.

Nedenfor vises tiltak i 3D illustrasjoner for å gi et inntrykk av hvordan hallen vil ligge i terrenget og i forhold til eksisterende bebyggelse.

Hall sett i forbindelse med skole anlegg.



Hall sett fra nord. Skole bygning på høyresiden i illustrasjonen.




Hall sett fra sør. Skole bygning på venstre siden i illustrasjonen. Påsatt mønehøyder.




Eigedomsgrenser

Det har vore dialog med Vindafjord kommune for å avklare kva som er sikre og usikre eigedomsgrenser for berørte eigedomar.

Kartskisse nedanfor, motteken frå kommunen, viser blå linjer som er sikre og raud som er usikre.



Skisse nedanfor viser valet av planavgrensingslinjer for endra plan. Dei linjene som ikkje er merka med tekst, er sette i sikre eiendomsgrenser.




Planen legg opp til at naturmiljøet i dei delane av areala som ikkje er opparbeidde, og ikkje skal opparbeidast, skal verte tekne vare på i størst mogleg grad.

Parkering

Det er planlagt 20 parkeringsplassar på området. 15 % av desse skal vere HC-plassar. Kommuneplanen seier ikkje noko konkret om krav til tal på bilparkeringsplassar for idrettsanlegg. Talet som er sett, er vurdert i høve til behov av forslagsstillar. Det er ført inn i planføresegnene at:

Parkeringsområdet skal ha ei heilskapleg utforming med tydeleg trafikkmonster, skilting og oppmerking. Rygging skal avgrensast mest mogleg. Konflikt mellom køyretøy og gåande/syklende skal reduserast mest mogleg. Parkeringsplassane skal ha tilstrekkeleg belysning for trygg ferdsel.

Illustrasjonsplanen er rettleiande og viser plassering av plassar mot planavgrensinga i vest og sør. Dette gir god plass til manøvrering og utkøyning. Det vil bli etablert ei grøn buffersone mot vest mot eigedom 110/30. Mot fylkesvegen finst det allereie ein eksisterande buffersone som, om mogleg, skal oppretthaldast.




Avkøyrsl

Det ligg føre ein godkjend søknad om utvida bruk av avkøyrsl inn til området. Denne vart gjeven i samband med byggjesøknad, og angir mengd og type køyretøy som kan nytte avkøyrsla. I planprosessen har det kome fram at det vil vere behov for noko meir parkering i høve til bruk av

hallen. I samsvar med godkjenninga av utvida avkjørsel er det fastsett at dersom bruk av avkjørsel endrar seg med omsyn til mengd og type køyretøy, kan Rogaland fylkeskommune vurdere nytt løyve. Rogaland fylkeskommune blir varsla om endringa, og kan kome med merknad dersom dei ønskjer å vurdere søknaden på nytt.

Planforslaget påverkar ikkje eksisterande situasjon for mjuke trafikkantar negativt. Det finst fleire interne stiar/småveggar i området mellom skule og idrettsanlegg. Nedanfor viser svarte piler innkjøring til eksisterande idrettsanlegg, Vats skule og inn til idrettsanlegget i planforslaget. Oransje piler viser interne overgangar inne på området.



Grunnarbeid.

Sidan den planlagde fotballhallen vil liggje på ei høgd på området, vil det vere naudsynt med noko sprengingsarbeid. Hallen skal liggje på kote +33,00. Dette inneber at noko masse må gravast ut, og noko fyllast på. Sjå vedlagde fasadar med terrenglinjer. Massar som kan gjenbrukast på området skal prioriterast. Overskot av masse vil bli transportert til steinbrot som knuser stein, om lag 6 km frå tomte til hallen.

Som følge av sprenging vil fasaden mot sør få ein liten rygg av terreng, noko som er positivt med omsyn til høgdeinntrykk. Ferdige skjeringar og fyllingar skal sikrast om nødvendig, og få ei estetisk tilfredstillande og landskapstilpassa utforming.

Nettstasjon / trafo.

Det har vore dialog med Fagne om trafo. Tilbakemelding er at det bør vere tillate å setje opp ein trafostasjon på området, då dette kan bli naudsynt. Krav til fotballhallen er minimum 12 grader ved -40 °C ute. Det er planlagt å setje opp mellom 5–10 varmpumper på 14 kW kvar, samt LED-lys med totalt 10 kW. Effektbehovet er kommunisert med Fagne.

Fagne har også nemnt ei alternativ løysing med moglegheit for å leggje lågspentkablar til eksisterande nettstasjon på 110/27. Raud strek på bilete nedanfor viser lågspentkablar frå ny hall fram til eksisterande nettstasjon med ledig effekt. Dersom det vert sett opp ny nettstasjon, må høgspentkablar frå ny nettstasjon leggjast fram til området markert med blå ring på kartet. Løysinga vil verte avklara før igangsetjing og vert vist i teknisk plan.




VA-løysing.

Det har vore dialog med Vindafjord kommune vedrørande VA-løysing. VA-plan skal planleggast av tiltakshavar. Her kan det bli aktuelt med kommunalt bidrag på delar av traseen. Føresetnaden for dette er at kommunen får planane til godkjenning før det inngåast avtale om fellesprosjekt.

Under viser skisse motteken frå kommunen for aktuelle tilknytingspunkt for avløp og vatn.

Overvassleidningane i dette området er dårleg kartlagde, så prosjekterande må synfare området og finne aktuelle tilknytingspunkt for overvatn. Det skal etablerast ein brannkum/uttak som ligg om lag 50–75 meter frå bygget. Det skal også føreliggje ein plan for overvann.




Skisse mottatt av Vindafjord kommune.

5.4 Natur- og kulturverdiar

Planområdet er sjekka i tilgjengelege kartbasar, og det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet eller trua/framande artar. På naboeigedom 110/18 er det registrert eit SEFRAK-registrert bygg som er merka uthus.

Naturbase-kart



Kunnskapsgrunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg i denne samanhengen, då areala består av etablerte og opparbeidde areal.

5.5 Folkehelse, universell utforming og barn og unge sine interesser

Planframlegget medverkar til å ta vare på barn og unge sine interesser ved å sikre trygge, tilgjengelege og funksjonelle areal for lek, idrett og sosial aktivitet. Idrettsanlegget legg til rette for både skulebruk og fritidsaktivitetar, og medverkar til gode oppvekstvilkår.

Anlegget er tenkt utforma på eitt plan og gir dermed ei enkel og oversiktleg løysing for universell utforming. Det blir lagt til rette for trinnfri tilkomst, tilgjengelege inngangar og funksjonelle løysingar som sikrar brukbarheit for personar med nedsett rørsle- og orienteringsevne.

6. ROS - analyse

Kommunane har det grunnleggjande ansvaret for å ta vare på tryggleiken og sikkerheita til innbyggjarane. Ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova blir det stilt krav om risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) som relevant kunnskapsgrunnlag for å ivareta samfunnstryggleiken i og i tilknytning til planområdet. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike tilhøve som følgje av planlagd utbygging. Det gjeld korleis planen vil påverke liv, helse og eigedom, om han ivaretek samfunnet si evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og å hindre ei utvikling som trugar viktige føresetnader for dette.

Metode

ROS-analysen er utarbeidd med utgangspunkt i Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sin rettleiar Samfunnssikkerheit i samfunns- og arealplanlegging frå 2017. Metoden legg til rette for å sjå utfordringar i samanheng og medverkar til ei heilskapleg samanstilling av vurderingane.

Følgjande føresetnader er lagde til grunn for vurderingane:

- Det er berre gjort risiko- og sårbarheitsvurderingar knytte til fysiske tilhøve i det aktuelle planområdet.
- Det er lagt til grunn at framtidige byggjearbeid følgjer relevante lover og forskrifter.

ROS-analysens oppbygning

Begreper og kriterier for beregningene.

1. trinn - **Identifisering av mulige uønskede hendelser**

2. trinn - **Vurdere risiko og sårbarhet**

Sannsynlighet/konsekvens/usikkerhet

3. trinn - **Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarhet**

4. trinn - **Dokumentere analysen og hvordan den påvirker planforslaget**

Sannsynlighet er eit mål for kor ofte ei bestemt hending kan ventast å inntreffe i planområdet innanfor eit gitt tidsrom.

Sannsynlighet	Tidsintervall	Sannsynlighet pr. år
---------------	---------------	----------------------

Høy	Oftere enn 1 gang i løpet av 10 år	> 10 %
Middels	1 gang i løpet av 10 – 100 år	1-10 %
Lav	Sjeldnere enn 1 gang i løpet av 100 år	< 1 %

Sannsynlighetskategorier

For tryggleik mot naturpåkjenningar har Byggteknisk forskrift (TEK17) egne grenseverdier for vurdering av sannsyn. Ved vurdering av denne typen hendingar er desse lagde til grunn i ROS-analysen.

F	Sannsynlighet	Tidsintervall	Sannsynlighet (pr. år)
F1	Høy	1 gang i løpet av 20 år	1/20
F2	Middels	1 gang i løpet av 200 år	1/200
F3	Lav	1 gang i løpet av 1000 år	1/1000

Sannsynlighet for flom og stormflo (TEK17 § 7-2)

S	Sannsynlighet	Tidsintervall	Sannsynlighet (pr. år)
S1	Høy	1 gang i løpet av 100 år	1/100
S2	Middels	1 gang i løpet av 1000 år	1/1000
S3	Lav	1 gang i løpet av 5000 år	1/5000

Sannsynlighet for skred (TEK17 § 7-3)

Sårbarheit handlar om evna til motstand og gjenoppretting ved utbyggingsføremålet, eventuelle eksisterande barrierar og følgjehendingar som følgje av den uønskte hendinga.

Konsekvens er verknaden den uønskte hendinga kan få for planområdet eller for utbyggingsføremålet.

Konsekvenstyper	Konsekvenskategorier		
	Store	Middels	Små
Liv og helse	Ulykke med dødsfall. Personskade som medfører varig mén eller mange skadd	Ulykke med behandlingskrevende skader	Ingen alvorlig skadde. Få eller små skader
Stabilitet	System settes varig ut av drift	System settes ut av drift over lengre tid	Systembrudd er uvesentlig
Materielle verdier	Uopprettelig skade på eiendom	Alvorlig skade på eiendom	Uvesentlig skade på eiendom

Matrise for fastsetting av konsekvens

Usikkerheit handlar om å vurdere kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for ROS-vurderinga.

Barrierar er tilhøve som kan redusere sannsynet for og konsekvensane av ei uønskt hending. I oppfølginga av funn frå ROS-vurderinga kan det bli avdekt behov for tiltak for å redusere risiko og sårbarheit. Dette kan vere forbetringar i eksisterande barrierar eller nye tiltak.


Risiko er sannsynet for at ei uønskt hending skal inntreffe og kva konsekvensar hendinga vil få for liv og helse, stabilitet og materielle verdier.

Sannsynlighet	Konsekvenser			
		Små	Middels	Store
	Høy			
	Middels			
	Lav			

Risikomatrise

Sjekkliste for uønskede hendelser, konsekvenser og tiltak

KATEGORIER	EKSEMPLER PÅ RISIKO- OG SÅRBARHETSFORHOLD	Aktuelt		Vurdering/begrunnelse/kommentarer
		Ja	Nei	
Naturgitte forhold (inkl. evt. klimapåslag)	<ul style="list-style-type: none"> • Sterk vind • Bølger/bølgehøyde • Snø/is • Frost/tele/sprengkulde • Nedbørmangel • Store nedbørmengder • Stormflo • Flom i sjø/vassdrag • Urban flom/overvann • Havnivåstigning • Skred (kvikkleire, jord, stein, fjell, snø), inkludert sekundærvirkninger • Erosjon • Radon • Skog- og lynnbrann 		<ul style="list-style-type: none"> x x x x x x x x x x x x x 	<p>Området ligg ikkje ved sjøen. Området har sjeldan langvarige periodar med frost og snø.</p> <p>Ref. godkjenning for éin-trinns søknad ligg området i aktsomheitssone for kvikkleire, men det er konkludert med at det ikkje er behov for grunneundersøkingar, sidan det er fjell i dagen på området. Det er gjennomført visuell inspeksjon.</p>
Kritiske samfunnsfunksjoner	<ul style="list-style-type: none"> • Samferdselsårer som vei, jernbane, luftfart og skipsfart. • Infrastrukturer for forsyninger av vann, avløps- og overvannshåndtering, energi, gass og telekommunikasjon. • Tjenester som skoler, barnehager, helseinstitusjoner, nød- og redningstjenester. 	x	<ul style="list-style-type: none"> x x 	<p>Se skjema 1</p> <p>Legevakt/ambulanse er stasjonert i Ølen. Døgnbemannet legevakt. Sandeid brannstasjon dekker planområdet.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Ivaretagelse av sårbare grupper. 		X	
Næringsvirksomhet	<ul style="list-style-type: none"> • Samlokalisering i næringsområder. • Virksomheter som forvalter kritiske samfunnsfunksjoner og kritiske infrastrukturer • Virksomheter som håndterer farlige stoffer, eksplosiver og storulykkevirksomheter • Damanlegg 		X X X	
Forhold ved utbyggingsformålet	<ul style="list-style-type: none"> • Om utbyggingen medfører nye risiko- og sårbarhetsforhold i planområdet 		X	 <p>Støysone langs fylkesveg. Planlagt tiltak vil så vidt ligge innanfor gul støysone. Fotballhall blir ikkje rekna som støyfølsam bruk i T-1442. Aktiviteten skjer innandørs, og støy frå trafikk påverkar ikkje drift eller bruk. Det blir berre vegg mot sør som ligg innanfor støysonen, medan øvrige fasadar ligg utanfor. Vi kan ikkje sjå at bruken av bygget blir påverka, og det er difor vurdert at det ikkje er behov for utgreiing i støyrapport.</p>
Forhold til omkringliggende områder	<ul style="list-style-type: none"> • Om det er risiko og sårbarhet i omkringliggende områder som kan påvirke utbyggingsformålet og planområdet • Om det er forhold ved utbyggingsformålet som kan påvirke omkringliggende områder 	X	X	Se skjema 1
Forhold som påvirker hverandre	<ul style="list-style-type: none"> • Om forholdene over påvirker hverandre, og medfører økt risiko og sårbarhet i Planområdet • Naturgitte forhold og effekt av klimaendringer 		X X	

Vurdering av risiko og sårbarhet, og forslag til avbøtende tiltak (trinn 3 og 4)

NR.: 1	UØNSKET HENDELSE: Samferdsel vei – støy, støv og økt trafikk				
<u>Beskrivelse av uønsket hendelse:</u> Støy frå fylkesveg. Midlertidig støy, støv og auka trafikk i anleggsfasen, samt overvass frå takflater og parkering. Støy frå sprengingsarbeid. Permanent støy ved aktivitet i hall. Visuell påverking i landskapet.					
OM NATURPÅKJENNINGER (TEK 17)	SIKKERHETSKLASSE FLOM/SKRED			FORKLARING	
ÅRSAKER					
Planområdet ligg nær fylkesveg. Auka trafikk inn på området ved etablering av fotballhall. Storleik og form på hallen krev gitt høgd for plassering, noko som medfører noko sprenging. Støy frå den aktiviteten som skal føregå i hallen. Tiltaket er av ei slik art at det blir godt synleg i landskape					
EKSISTERENDE BARRIERER					
Avkøyning til området er oversiktleg og godt synleg. Vegetasjonsbarriere langs veisida. Fortau langs fylkesveg ved planområdet. God belysning.					
SÅRBARHET					
Låg sårbarheit for tiltaket sin drift (aktivitet innandørs), moderat sårbarheit for naboar i anleggsfasen dersom støy ikkje blir avgrensa. Tungtransport til/fra byggeplass kan i anleggsfasen midlertidig påverke tryggleiken for mjuke trafikantar og belastninga på lokalveg. Eksisterande grunnforhold tilseier at overvass kan førast til grunnen.					
SANNSYNLIGHET	HØY	MIDDELS	LAV	FORKLARING	
		X			
<u>Begrunnelse for sannsynlighet:</u>					
KONSEKVENSVURDERING					
KONSEKVENSTYPER	STORE	MIDDELS	SMÅ	IKKE RELEVANT	FORKLARING
Liv og helse		X			Personskade. Konsekvens størst for trafikantar uten bil.
Stabilitet			X		
Materielle verdier		X			Skade på kjøretøy
<u>Samlet begrunnelse av konsekvens:</u> Utbyggingen av fotballhallen vurderes å ha begrenset påvirkning på omkringliggende områder					
USIKKERHET			BEGRUNNELSE		
FORSLAG TIL TILTAK OG OPPFØLGING I AREALPLANLEGGINGEN OG ANNET					
Aktuelle tiltak			Styring av anleggstrafikk, støvkontroll og hensiktsmessig planlegging i utføringsfasen kan inkludere: Midlertidige støybarrierar mellom anlegg og nabobebyggelse.		

	<p>Sprenging skal føregå innanfor normal arbeidstid.</p> <p>Det skal finnast ei sprengingsplan som viser tiltak, til dømes dekkmatte over sprengingssalver, salvesplitting, forsinka tenning for å redusere vibrasjonar og presisjonsboring.</p> <p>Planlegging av innkøyrslar og transportveggar slik at tunge køyretøy køyrer minst mogleg nær bebyggelsen.</p> <p>God skilting.</p> <p>Vanning av laus jord og massar.</p> <p>Rydding og reinhald på anleggsområdet.</p> <p>Ved ferdig tiltak:</p> <p>Ryddig parkeringsplass med tilstrekkeleg plass for parkering og manøvrering.</p> <p>Bruk av støvbindande grus.</p> <p>Skilting for parkering og bruk av hall.</p> <p>Løysingar for avrenning av overflatevatn ute.</p> <p>Planbføresegner:</p> <p>2.1.11 Det kan etablerast 20 parkeringsplassar. Minst 15 % av bilparkeringsplassane skal vere HC-parkeringsplassar. Det skal i tillegg etablerast plass for minst 50 sykkelparkeringsplassar. Illustrasjonsplanen skal vere rettleiande for plassering. Parkeringsområdet skal ha ei heilskapleg utforming med tydeleg trafikkmonster, skilting og oppmerking. Ryggning skal bygrensas mest mogleg. Konflikt mellom køyande og gåande/syklande skal reduserast mest mogleg. Parkeringsplassen skal ha tilstrekkeleg belysning for trygg ferdsel.</p> <p>2.2.12 Det skal sikrast tilfredsstillande løysing for utrykkingskøyretøy.</p>

Avslutning og konklusjon

ROS-analysen syner at tiltaket med bygging av fotballhall på eitt plan på Kårhus i Nedre Vats har låg risiko for permanente negative konsekvensar for omkringliggjande område. Berre ein langvegg mot fylkesvegen ligg innanfor gul støysone, og hallen si drift blir ikkje vurdert som støy- eller støvølsam.

Potensielle midlertidige påverkingar er knytte til anleggsfasen, særleg støy, støv og auka tungtrafikk. Desse sårbarheitene kan effektivt reduserast gjennom enkle og dokumenterte tiltak, slik det er skildra i forslag til tiltak. Overvann frå hall og uteareal blir handtert gjennom lokale dreneringstiltak.

Samla blir tiltaket vurdert til å ha låg risiko, og med dei foreslåtte avbøtande tiltaka vil eventuelle midlertidige ulemper for naboar, skuleborn og trafikantar vere minimale. Tiltaket blir difor rekna som forsvarleg med omsyn til tryggleik, helse og miljø.

7. Vedlegg tilhøyrande planforslag

- Plankart
- Planføresegner
- Planskildring
- Merknadsvurdering
- Illustrasjonsplan og teikningar
- Soldiagram
- Teknisk skisse, VA-plan